



HUBB er eit godt tilbod til unge musikantar

Helga før palmehelga ,8.-10.april, vert det storinnrykk av unge dugande musikkungdommar til Uskedalen.

Då skal nemleg Hordalands Ungdoms Brass Band ha den siste samlinga denne sesongen. Før dei kjem så langt skal ungdommane samlast til jubileumssamling med stor jubileumskonert på Knappskog i Fjell kommune i februar.



Songsolist med HUBB: Thor Endresen

Fylkeskorpset Hordalands Ungdoms Brass Band er eit særdeles godt tilbod til flinke korpssungdommar mellom 13 og 20 år som ønskjer større utfordringar enn det dei får på heimebane. Korpset har i dag ein besetning på 50 medlemmer frå 26 ulike skulekorps i fylket. Første samlinga til korpset var i februar 2006, og i februar markerer dei at dei rundar 5 år med jubileumssamling på Knappskog.

Til denne samlinga er og tidlegare medlemmer invitert, responsen har vore god. 30 stiller og dannar eitveterankorps. Dermed vert det to korps på denne samlinga. På konserten vil vi tillegg til dei 80 musikarane få oppleve to velkjende og populære solistar. Tor Endresen skal vera songsolist, og Frode Alnæs frå Dance With A Stranger skal briljera som gitarsolist saman med korpsa. Det musikalske ansvaret for samlinga har dei to dyktige dirigentane Eirik Gjerdevik og Bjørn Sagstad.



Frode Alnes - solist med HUBB

Det vert eit solid innslag av ungdommar frå våre bygder som får vera med på denne opplevingsrike helga. 5 uskedelingar er med, og talet på kvinnheringar er det doble. Dette fortel tydeleg kor stor verdi HUBB har for korpssungdommane i vår kommune. Deltaking i dette fylkeskorpset er nok sterkt medverkande til at Kvinnherad

har fått fram mange dugande unge musikantar dei seinare åra. Eit slikt fylkeskorps er ekstra viktig for oss som held til litt ute i periferien.

I april kjem altså dette ungdomskorpset til Uskedalen då dei skal ha samling frå fredag til søndag med base i skulen og aktivitetshuset. Det er ei flott årstid å ta mot alle desse ungdommane frå heile fylket vårt, og bygda vil nok visa seg fram på ein flott måte. Søndag ettermiddag er det konsert. Den bør ein ikkje gå glipp av. Det musikalske ansvaret for samlinga har ein av våre fremste komponistar og dirigentar Torstein Aagaard Nilsen. Har har på mange måtar stått fram som ein eldsjel for korpsmusikken m.a. er han iniativstakar og drivkraft til den betydningsfulle Brasswind-festivalen som HUBB spelte på i Grieghallen i november.

To andre eldsjeler er ekteparet Kjersti Pisani og Ole-Johan Aarlie som gjennom alle 5 åra har stått for alt arbeidet med drifta av HUBB. Dei gjer ein fantastisk og beundringsverdig innsats. Sjølv har dei ikkje lenger eigne barn som spelar i HUBB, men dei seier at dei har fått 50 barn som bonus. Desse gjev dei mykje glede. At Kjersti og Ole-Johan vert sett pris på, viser det faktum at HUBB-medlemmene omtalar dei som mor og far.

Av Thor Inge Døssland